

## Nygaard (gnr. 112)

Som det før er nemnt kom i 1668 den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om garden Nygaard som Knut da var bygslar og brukar av, vidare fortalt at garden var krongods, og tilhørde "Kongen alene". Landskylda av denne garden Nygård var da 1 hud, men kunne og krevjast inn med 2 bismarpund smør. Ein merkar seg elles at buskapen av store husdyr i den tid var 9 naut og to hestar, og at korntienda vart utreidd med 1¼ tønne, som altså svara til ei årsavling på 12-13 tønner. Vidare merker ein seg og at også Nygaard søre som det her gjeld, hadde seter og sommarbeite for krøtera på Åltjinn seter.

Ved ein handel i 1739 er denne garden kalla "Nygaarden Søndre", og Christen Larsen fekk da auksjonskjøte på garden for kjøpesum 172 rd. Christen Larsen f. 1699 som dermed tok over som eigar og brukar av Nygaard, hadde i 1736 gifta seg med Mari Olsdr. Bjørstad, og dei fekk i sitt ekteskap 5 born. Det var: a. Lisbet f. 1737, b. Sessel f. 1739, gift 1765 med Peder Eriksen Dalby, c. Ole f. 1745, død 1754, d. Ingeborg f. 1748, e. Mari f. 1750, død 1773. Mora Mari Olsdr. døde elles da i barneseng, 39 år gamal, og faren døde i 1761. Etter dette var det i 1762 Ole Bentsen Lien som hadde heimel på garden, og han gav da på vegne av "verger og arvinger skjøte til eldste søn Lars Christensen" for kjøpesum 330 rd. Samtidig lånte kjøparen Lars Christensen 350 rd. av Arne Lundgaard mot pant i Nygaard av skyld 6 skinn 18 mrk fisk.

Kjøparen Lars Christensen hadde så grd. Nygaard til i 1772, da han gav skjøte til Christen Bentsen, som i 1773 selde Nygaard vidare til svigersonen sin Ole Knutsen Aurlien for 850 rd. og føderåd til svigerforeldra.

Svigersonen Ole Knutsen var så oppsittar på garden til i 1777, da han skjøta Nygaard over til "ungkarl Christen Christensen og Bent Christensen" for sum 599 rd. Men i 1785 selde Christen Christensen det halve av Nygaard, Nygaard av skyld 3 skinn 9 merker fisk, til broren Bent Christensen for sum 199 rd. + føderåd til foreldra Christen Bentsen og Berit Christensdr. mot at "de leverer han alt deres løsøre".

I 1789 var truleg Bent Nygaard framleis eigar av garden. Han hadde da innstemnt Halvor Qvalen fordi "indstevntes hester har gjort skade på citantens aker og avgrøde". Denne saka vart elles avgjort ved forlik året etter.

Men i 1796 hadde garden Nygaard atter vore på handel, og slik at Thore Pedersen da hadde samla heile Nygaard, Nygaard av skyld 6 skinn 18 merker fisk, på si hand. Men just same året selde så Thore Pedersen garden, og da av full skyld, til Lars Hansen for kjøpesum 910 rd.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 1 familie på Nygaard. Dei var:

1. Lars Hansen, husbonden, 36 år, 2. Sidsill Olsdr., kona hans, 38 år, 3. Hans Larsen, son deira, 12 år, 4. Ole Larsen, son deira, 8 år, 5. Sønnøv Larsen, dotter deira, 8 år, 6. Ole Torgersen, tenestkar, 22 år 7. Poul Engebretsen, tenestkar, 20 år, 8. Ingeborg Olsdr., tenestkvinne, 27 år, 9. Anne Engebretsdtr., tenestkvinne, 26 år, 10. føderådskone Eli Olsdr., mor til husbonden, 65 år, 11. Lars Eriksen, National Soldat og gaar i Dagleie", 32 år, 12. Anne Rasmusdtr., "Nyder Lægd", 54 år.

Av 13. september 1802 er eit kommisjonsforlik som her er av interesse, og som etter utskrift av panteboka har denne ordlyden:

”Nygard.

Kommisjonsforlik dat. 1802 septbr. 13.

Aar 1802 den 1. september. Lars Nyegaard, Ole Saxum, Christen Ulland, Peder Ulland, Lars Ormerud, Lars Ringdal, Hans Berg, Peder og Ole Berg indvarslet til en Aastedsforligelses Commission paa Grasbakken nedenfor Sveesæteren i Saxumsdahlen. Enken Goro Lien ved Lougværge, Jacob Kolberg, Lars Rusten og Engebret Sæter, at møde Mandagen den 13. september. Klokken 9 Formiddag bestemt, paa Garden Storulland; ligeledes indstevnes til samme Tid og Sted Christen Myhren og Lars Myhren fordi de har gaet Citanterne Peder og Christen Ulland for nær med Hugst i deres Heimskoug. Parterne vare samlede og indgik følgende Forlig:

Goro Lien, Jacob Kolberg, Lars Rusten og Engebret Sæter forbandt seg til, ikke at gaae længere med Hugst eller Aavirke, end til Vejeskeldet i den saakaldede Myhrvej, hvor den ene vej tager ned til Myhren, og den anden til Ladderud kloppen; ovenfor denne Punkt ansees som Alminding, men nedenfor denne Punkt og den derfra dragne Linie, ere Citanternes Hiemraster og Eiendom. Fra ovenmeldte punkt og saa langt Citanternes Eiendom strækker, skal Delelinien gaae efter Line i lige Linie og Høyde fra Elven Rinden, hvortil ved Elven tages saa mange Punkter som gøres fornøden at liigheden i høyden kan blive eens. Den førte punkt ved elven tages ved Laderud Broen, derefter sørefter til Hovlands Ejendeele, og nordefter saa langt deres Ejendom strækker sig. Citanterne Indvilgedes at de ovenmeldte Indvarslede skulde uden anke i Nøds Tilfælde faae tage det fornødne til deres Sætter Sveesæteren nedenfor ovenmeldte Delelinie, men intet Aavirke til udsalg eller deraf at kiøre Veed hjem under 50 rd. Mulct til Fattigcassen og Aavirket forbrudt til Citanterne, - Fra begge sider skal samles til Deeling og Opmaaling og Opblækning inden næste 14, oktober under 2 rd. Mulct.”

Dette forliket vart visst elles først tinglese den 1. august 1807. Frå denne tid er og eit tinglyst makeskifte av 1806 utanom det vanlege, med dei eigarane Lars Hansen og Erich Pedersen makeskifta dei to etter tilhøva store gardane Nygard og Dalby utan mellomlag.

Erich Pedersen (Dalby), som da flytta til Nygard, var gift med Kari Hansdtr., og dei hadde fleire born. Det var:

- a. Peder f. 1794, død same året, b. Peder f. 1795, c. Sigird f. 1798, d. Kari f. 1800, død 1802, e. Kari f 1803, død same året, f. Hans f. 1804, g. Ole f. 1806. Men to år seinare døde og husbonden Erik Pedersen, og enka Kari Hansdtr. gifta seg i 1809 oppatt med Arne Eriksen Ulland. Dei fekk i sitt ekteskap 4 born, nemleg:
  1. Ingeborg f. 1809, 2. Erik f. 1810, 3. Even f. 1812, d. Kristian f. 1817.

To år seinare kom i 1819 det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opp-lysningar om gardane. Der er det frå Nygard oppgitt at buskapen av store husdyr da var 2 hestar og 16 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 42 tønner. Vidare er det og oppgitt at det til Nygard da hørde 2 husmannsplassar. Eigar og brukar av garden var i 1819 enda Arne Eriksen, men to år seinare skjøta han i 1821 grd. Nygard over til ovdelsarvingen Peder Eriksen f. 1795. Fjorten år seinare var det i 1835 elles broren Hans Eriksen f. 1804 som hadde tatt over og var brukar av Nygard.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn, fisk og smør skifta ut med eit matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Nygard fekk da som si matrikkelskyld: 5 skylddalar 3 ort 11 skilling, og det var da Ole Nitaasen (av Biri) og Svend Iversen, som var oppsittarar på Nygard. Etter atter 2 år selde elles i 1840 Ole Larsen Nitaasen garden Nygard tilbake til odelsarvingen Ole Eriksen Nygard.

Ole Eriksen f. 1806, som da tok over farsgarden, hadde i 1835 gifta seg med Berte Olsdr. Sæter, og dei fekk 5 born. Dei var: a. Even f. 1839, død same året, b. Peder f. 1842, død same året, c. Johan f. 1843, død 1845, d. Ole f. 1848, e. Stine f. 1853, gift 1898 med Andreas Kristofersen f. 1835.

I 1850-60 åra var så garden Nygard fleire gonger på handel. I 1853 skjøta såleis Ole Eriksen ættegarden Nygard over til lærar Andreas Arnesen Gjørlien, som i 1859 gav skjøte vidare til Erik Olsen Goplen, som heller ikkje hadde Nygard meir enn i 8 år til 1867, da han skjøta Nygard vidare til Mathias Pedersen Stubberud for kjøpesum 600 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysingar om gardane. Der er det såleis oppgitt at det da på løpenr. 40 Nygard var 4 brukarar. Det var:

- a. Hans Nygard, som hadde eit jordbruksareal der av åker, eng og sæterlykkjer på tilsaman 145 mål.
- b. Erik Olsen Nygard, som hadde eit tilsvarande jordbruksareal på 126 mål.
- c. Johan Olsen Engen med eit tilsvarande jordbruksareal på 30 mål.
- d. Lars Olsen, som da hadde tilhandla seg ein skogteig av Nygard.

Den av Nygardsgardane som Hans hadde, er da kalla Nygard søndre, og husdyrhaldet der var da: 2 hestar, 6 storfe og 14 småfe, medan husdyrhaldet hos Erik var: 1 hest, 7 storfe og 16 småfe.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Nygard fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 112 av samla skyld 9,16 mark, og det var alt da vorte 8 bruksnummer under gardsnummer 112 Nygard.

Dei 8 bruksnummer var:

- a. Grn. 112 brn. 1 Nygard av skyld mark 3,35 mark der Mathias Pedersen framleis var oppsittar
- b. Grn. 112 brn. Nygard av skyld 3,91 mark, som Svend Kr. Rise var eigar el. brukar av.
- c. Grn. 112 brn. 3 Dalby skogstykke, eigar el. brukar Lars Olsen
- d. Grn. 112 brn. 4 Engen, 0,88 mark, eigar el. brukar Stine Olsdr.
- e. Grn. 112 brn. 5 skog, 0,19 mark, eigar el. brukar Nils Mæhlum og Lars Hommelstad.
- f. Grn. 112 brn. 6 skog 0,26 mark, eigar el. brukar B. og O.Lundgaard.
- g. Grn. 112 brn. 7 skog, 0,29 mark, eigar el. brukar B. og O. Lundgaard.
- h. Grn. 112, brn. 8 Nygard øvre m/skog 0,11 mark, eigar el. brukar Bernt M. Berg

Mathias Pedersen Stubberud, Gausdal, som i 1886 var eigar og brukar av grn. 112 brn. 1 Nygard, var gift med Eli Simensdr. "Lille Rindal", og dei fekk 4 born, nemleg:

1. Peter f. 1871, 2. Simen f. 1872, 3. Anton f. 1875, død 1877, 4. Martinus f. 1877.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at Ole Aasen, Sakumdalen, hadde tilhandla seg grn. 112 brn. 3 Dalby skog, og Joh. Johannessen Kråbølslien hadde kjøpt grn. 112 brn. 3 Nygard øvre av skyld 0,11 mark.

Da det vonleg kan vera av interesse tek vi her elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 7 personar med røysterett på og/eller ved Nygard. Dei 7 personane var:

1. gardbr. Mathias Pedersen Nygard , 71 år
2. husmor Eli Simensdtr. Nygard, 70 år
3. arbeidar Simen Mathiassen, Nygard, 35 år.
4. arbeidar Martinius Matiassen, Nygard, 30 år.
5. arbeidar Olaf Johansen Snippen, Nygard, 32 år.
6. sjølveigar Anton Olsen Nordengen, Nygard øvre, 34 år.
7. sjølveigar Kristian O. Nordengen, Nygardskalløkken, 42 år.

Av handlar i seinare tid med Nygard eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1909 vart parsellen brn. 13 søre Nygard skog selt til Ole Viste og parsellen brn. 14 Øver-jordet selt til Mathias Pedersen. Sakumdalen missionsforening kjøpte i 1910 brn. 16 tomt til Bedehuset. Hans Hovland tilhandla seg grn 112 brn. 2 Nygard nedre, som Johan Hovland overtok i 1930, og Alfred Hestsveen kjøpte i 1935 søre Nygard av Simen Nygard. Vidare hadde M. Bråten i 1918 kjøpt Nygardsenga, som han i 1946 selde vidare til sonen Ole Bråten.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 6 bruksnummer under gardsnummer 112 Nygard med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Dei 6 gardsbruk var:

- a. Grn. 112 brn. 1 Nygard nordre med eit jordbruksareal på ca 50 mål, som Kristian Enger da var eigar og Ole Enger var brukar av.
- b. Grn. 112 brn. 2 Nygard nedre med eit jordbruksareal på ca. 55 mål, som Johan Hovland da var eigar og brukar av.
- c. Grn. 112, 114 brn. 4, 15 Nygardsenga, jorbruksareal ca. 40 mål, eigar og brukar Magnus Bråten.
- d. Grn. 112, 113 brn. 8, 2 Øvre Nygard, jordbruksareal ca. 16 mål, som Tobias Kval var eigar og brukar av.
- e. Grn. 112 brn. 9 Nygardskalløkken, jordbruksareal ca. 20 mål, eigar og brukar Ole Rusten.
- f. Grn. 112 brn. 14, 18 Søndre Nygard, jordbruksareal ca. 50 mål (dekar), som Alfred Hestsveen da var eigar og brukar av.